



UiO • Nordisk institutt for sjørett

Det juridiske fakultet

Litt om forvaltningsprosess og bakgrunn for dommen i Høgsterett HR-2021-1975-S

- Om konsesjons- og ekspropriasjonsvedtak for Roan og Storheia vindkraftverk
- Kort om domsresultatet
- Opplegget idag



Konsesjonsvedtaka og dei samiske interessene

- Konsesjonar til Storheia og Roan vindkraftverk gitt i 2010
- To av fire konsesjonar som vart gitt samtidig til vindkraftutbygging på Fosen
- Roan ferdig 2019, Storheia ferdig i 2020
- Til saman seks vindkraftverk på Fosen-halvøya
- Fosen Reinbeitedistrikt (4200 kvm)
 - Nord-Fosen sitje (her ligg Roan vindkraftverk)
 - Sør-Fosen siida (her ligg Storheia vindkraftverk)

Klagevedtaket i saka frå OED – kom i 2013

- Begge konsesjonane og ekspropriasjonsvedtak vart oppretthaldne
- Olje- og energidepartementet bygget i konsesjonsvedtaket på at planområdet for *Roan* vindkraftverk er av «stor verdi» for reindriften. Konsekvensen av en utbygging ble vurdert til «stor negativ» både i anleggs- og driftsfasen. Men det ble samtidig lagt til grunn at området fortsatt «kan benyttes til reindrift også etter en utbygging, selv om dette skulle kreve større ressurser fra reindriftsutøverne i form av økt arbeidsbyrde». For *Storheia* vindkraftverks del bygget departementet på at en utbygging «vil være negativt» for reindriften, men uten at området «blir ubruklig som vinterbeiteområde». Departementet så det slik at vindkraftprosjektet ikke «hindrer videre drift for sørgruppa»

Spørsmålet om forhåndstiltrede

- Søkt om første gong i 2012, søkt på ny i 2014
- Utfordring for Fosen Vind AS – fristen for el-sertifikat
 - Dep. samtykke (22. desember 2014) med heimel i oreigningslova § 25
 - Viste til tidl konsesjonsvedtaket mht. folkerettsvurderinga
- Lagmannsretten opprettheldt vedtaket i 2018, da hadde jo alt tingretten funne ekspropriasjonsvedtaket gyldig i første instans i skjønnssaka
- Høgsterett forkaste anken (samrøystes)

Gangen i skjønnssaka - tingretten

- Fosen Vind Da krevde skjønn for å få fastsatt erstatningane i 2014
- Sør-Fosen hevda da at skjønnet ikkje kunne fremmast pga. konsesjonsvedtaket var i strid med SP art 27 – ikkje medhald
- Erstatningssaka:
 - Sør-Fosen ca. 8,9 mill i tingretten
 - Nord-Fosen ca. 10, 7 mill i tingretten

Gangen i skjønnssaka -overskjønnet

- La kort sagt til grunn at områda Storheia og Haraheia ville gå tapt som vinterbeite
- Fann ikkje at desse tapa kunne kompenserast ved å nytte andre beite
- Ville føre til reduksjon i reintal, med mindre det vert fastsett avbøtande tiltak
- LG: meinte det kunne igangsettast vinterforing
- Erstatningane dermed ca. 45 mill til kvar siida

Høgsterett:

- «Ved vurderingen av gyldigheten av konsesjonsvedtaket er det sentrale bevisspørsmålet hva som går tapt av siidaenes senvinterbeiter i områdene ved Storheia og Roan vindkraftverk, og hvilken betydning dette har for reindriften»
 - Seinvinterbeite: blir brukt frå januar til påske (ca. 90 dagar). Må gi tilgang på lav - kor vil variere med snøforholda
- «Bare en mindre del av det samlede arealet som omtales som senvinterbeite, er slik at reinen kan beite der.»
- HR: ingen begrensingar for Fosen Vind DA mht å angripe bevisvurderinga for Høgsterett, men må som ankemotpart ha **særleg ansvar** for å gi Høgsterett eit forsvarleg grunnlag for å vurdere bevisa

- Lagmannsretten la altså til grunn andre verknader for si slutning om konsekvensar av anlegga enn det som var gjort i forvaltninga
 - NINA- rapport frå 2017 og GPS- målinga frå Haraheia-området før, under og etter bygging av Roan kraftverk
- HR: lagmannsretten hadde eit godt grunnlag for sine vurderingar og fann desse forsvarlege
- **Høgsterett er derfor atterhaldne i prøvinga**
- Kort sagt: innvendinga frå Fosen Vind som gjaldt bevisgrunnlaget som vart lagt til grunn i lagmannsretten nådde ikkje fram

Forståinga av SP art 27

- Kven som kan påberope seg føresegna?
- Om «terskelen»:
 - På denne bakgrunn er min *konklusjon* at det vil foreligge en krenkelse av rettighetene etter [SP artikkel 27](#) dersom inngrepet fører til vesentlige negative konsekvenser for muligheten til kulturutøvelse
- Og samanhengen med om næringsutøvinga framleis kan gi utbytte?
 - Etter mitt syn vil artikkell 27 i alle fall være brutt hvis en reduksjon av beitearealet fratar reineierne muligheten til å fortsette med noe som naturlig kan karakteriseres som næringsvirksomhet
- Gjennomførte konsultasjonar
 - Ein del av vurderinga m.h.t. om terskelen er overskriden, men er inngrepet alvorleg nok hjelper det ikkje at konsultasjonar er gjennomført
- Om det er rom for ei skjønnsmargin og forholdsmessigvurdering?

Den konkrete vurderinga om terskelen var overskriden

- Og i den konkrete vurderinga
 - La til grunn at det var sannsynleg med «betraktelige» reintalsreduksjonar
 - Allereie drift med små marginar, inngrepet dermed ein alvorleg trussel
 - Den sørsamiske kulturen særleg sårbar – ikkje total nekting av kulturutøving – men vesentleg negativ effekt
 - Avbøtande tiltak som er utført ikkje tilstrekkeleg til å kome til ein annan konklusjon
 - Heller ikkje mogleg «å avvege» mot retten til eit reint miljø – Fosen Vind hadde hatt andre utbyggingsalternativ
 - Dermed: utan «tilfredsstillende avbøtende tiltak» var det ein krenkelse av SP art 27

- Høgsterett vurderte så det avbøtande tiltaket som lagmannsretten la til grunn: vinterfôring
- «Her peker jeg først på at vinterfôring etter lagmannsrettens modell avviker vesentlig fra tradisjonell, nomadisk reindrift. En slik fôring, hvor halve reinflokkene i om lag 90 dager hver vinter skal være innenfor en relativt liten innhegning, er etter det opplyste ikke prøvd ut i Norge. Det er heller ikke fremlagt opplysninger om virkningen av en slik modell, blant annet for dyrevelferden, bygget på erfaringer fra andre land. Slik saken er opplyst for Høyesterett, fremstår det videre som usikkert om et slikt opplegg er forenlig med reineierenes rett til å utøve sin kultur etter SP artikkel 27. Spørsmålet har ikke vært gjenstand for en bred og grundig vurdering, og generelle reindriftsinteresser er ikke blitt hørt»

- For vegens framover:
- Når lagmannsrettens avgjørelse leses i sammenheng, må den videre forstås slik at andre tiltak ikke vil ha tilstrekkelig kompenserende effekt. Til dette bemerker jeg at avbøtende tiltak fra myndighetene eller eksproprianten som reduserer ulempene ved et inngrep, i utgangspunktet må tas i betraktning ved vurderingen av om artikkel 27 er krenket. Slike tiltak kan etter omstendighetene bidra til at inngrepet ikke når opp til terskelen for krenkelse. I saken her er tilskudd som er gitt til Nord-Fosen siidas slakteanlegg ved Meungan, og tilskudd til blant annet elektronisk reinmerking og sperregjerder til Sør-Fosen sjøte, eksempler på tiltak som er relevante i krenkelsesvurderingen. Jeg har sett hen til disse tilskuddene i min konkrete krenkelsesvurdering

- Bolk I: Om forståinga av SP art 27 – tolking i Høgsterett og folkerettslege krav til oppfølginga
- Bolk II: Prosessuelle spørsmål, konsekvensar og oppfølging
- Diskusjon mellom innleiarar og spørsmål frå sal